

Valdres Mållag

v / leiar Reidun Borgny Dølehuset

2910 Aurdal

16.06.12

Kulturdepartementet

8030 Dep.

0030 Oslo

### **Om framlegg til endring i *Lov om stadnamn*.**

Valdres Mållag – som er ein fellesorganisasjon for mållaga i Valdres – har i styremøte 30.05.12 samrøystes vedteke følgjande kommentar til framlegget til endring i Lov om stadnamn:

Valdres Mållag har i tidlegare drøftingar stilt seg kritisk til stortingsvedtaket 13. januar 2009 der Stortinget slutta seg til framlegget frå høgropolitikarane Olemic Thommessen og Øyvind Halleraker om at «endring av bruksnavn ikke kan skje utan grunneiers samtykke». Dette botnar i ei privatrettsleg oppfatning frå forslagsstillarane om at «slektsnavn følger gårdsnavn, har lange tradisjoner i vårt land». Slik er det ikkje. Gards- og bruksnavn var adresser dei fleste stader til først på 1900-talet, og slektsnavn vart først pålagt ved vår første personnamnlov av 1923.

Det har såleis alltid vore ansvaret til eit samfunn og styresmakter å ta vare på dei nedarva gards- og bruksnamna og å gje dei ein forsvarleg skrivemåte. Dette er etter vårt syn ikkje berre ein samfunnsrett, men og ei samfunnsplikt. Den noverande stadnamnlova tek etter vårt syn godt vare på dei ulike brukarane, både i lokalsamfunna så vel som storsamfunnet.

Med dei endringane som departementet no foreslår (§6 og 8 i lova), vil det etter kvart bli ei mengd med dobbeltformer for same staden, slik t.d. bruksnamnet Mohn og gardsnamnet Moen, eller Wahl og Val, Halleraker, Halderaker, Hallaråker osb. Dessutan vil det lett føre til lokal strid om kva for skriftform ein skal bruke, gards- eller bruksnavn, og avleidde namn, t.d. i kommunale samanhengar.

Særleg alvorleg vil slike dobbeltformer vera når ein skal lokalisere ulke stader (t.d. ved bruk av GPS) – vi tenkjer særleg på redningstenesta, ambulanse – og brannutrykkingar. Prinsippet om at ein stad skal ha berre eitt namn og ei skriveform i norskspråklege område har stått sterkt. Framlegget om endring av Lov om stadnamn vil skiple dette, og Valdres Mållag vil rå ifrå det.

Å føre inn slektnamnskrivemåtar som Mohn og Schiefloe ( Skjeflo) vil dessutan føre til at namna blir uforståelege for folk flest, og dei språklege røtene vil bli rivne av. Slik vil og den foreslåtte endringa av lova bryte med den kulturverntanken som er ein berebjelke i den noverande lova.

På denne bakgrunn vil Valdres Mållag rå ifrå at ein endrar Lov om stadnamn.

Med vennleg helsing

for Valdres Mållag



ReidunBorgny Dølehuset